

Siri Kleiveland  
Hjellestadvegen 341  
5259 HJELLESTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4187 - 20/22332

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
28.04.2020

## **Landbruksak gbnr 40/6 Hodneland - Løyve til bygging av landbruksveg**

**Administrativt vedtak: Saknr: 448/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Siri Kleiveland løyve til bygging av omsøkt veg.**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

**Vedtaket er gyldig til 30.04.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2**

### **Saka gjeld:**

Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 40/6 Hodneland i Alver kommune. Det skal byggast ca 90m veg i vegklasse 7, landbruksvegklasse, for å gje tilkomst til skogen på garden.

### **VURDERING:**

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen.

Sjå svar under frå fylkeskommunen:

*Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.*

### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4187

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 40/6 Hodneland

### **Mottakarar:**

Siri Kleiveland

Hjellestadvegen 341

5259

HJELLESTAD